



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstittutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Nordenskiöldbreen

TUREN

Det er svære dimensjonar i dette landet. Landet med dei kalde kystane, som Helge Ingstad har omtala det, med klår referanse til vikinganes Svalbarð. Du blir lurd gong på gong. Du trur det er ein snartur å gå inn den dalen eller krysse den fjorden – men dei tilvande målestokkane frå fastlandet strekk ikkje til. Alt er mykje større her oppe. Eller lengre, om du vil.

Me er på veg mellom Ny-Ålesund og Longyearbyen på ski. Og me har forrekn oss litt, diverre. Me har eit fly å rekke og går lange etappar for å kome fram. Det var planen å segle delar av turen, med slike skisegl, men me hadde ikkje teke høgd for vindstilla. Det har vore dag etter dag med kaldvêr og kulde. Og ikkje eit vindpust. Flott det, sjølv sagt – nydeleg lys i vakkert landskap – men me skulle så gjerne fått litt draghjelp frå værgudane.

STILLE FØR STORMEN

I Petuniabukta, med utsyn til den nedlagde russiske gruvebyen Pyramiden, vakna me til rørsle i teltduken. Endeleg. Endeleg skulle me leggje kilometer bak oss. Men, nei, det var berre eit blaff. Me måtte pent halde fram med å trekkje pulkane sjølve, medan me såg lengselsfullt opp mot værskiljet som tydeleg var på veg. Ved fronten av den mektige Nordenskiöldbreen – oppkalla etter den store finlandssvenske polarpioneren, førstemann gjennom



Me riggar oss for storm på Nordenskiöldbreen på Svalbard.

Nordautpassasjen og med fleire ekspedisjonar til Grønland og her på Svalbard – hende det. Lufta rorde endeleg på seg. Entusiastisk rigga me det største seglet. Men for det kom i lufta, hadde vinden auka såpass at det måtte riggast

om. Nestemann prøvde det minste seglet. Men då han nesten vart lyft ut av skorne, innsåg alle at det var umogeleg å segle i den stormen som no var på veg.

Ein time seinare låg me i teltet. Ute er eit inferno. Snuble-

blussen som skal varsle bjørn, er montert – sjølv om «isbjørnen umogeleg kan vere ute i dette vêret», for å sitere teltkompisen min. Telta står godt. Det er ingen fare med det. Me har i det heile lite å klage på her me ligg

i soveposen med rifla mellom oss. Men klokka går, og vinden aukar. Det nærmar seg avreise for flyet heim. Det er lite me kan gjere med det – anna enn å ergre oss over at me har reist til Arktis med tidsnaud.

SITATET

«Å gå på ski er noe magisk. Vi har 660 muskler i kroppen. Når vi går på ski, bruker vi mellom 600 og 630 av dem.»

Thor Gotaas

Elisabeth Main (1860–1934)

BIOGRAFIEN

Ein av dei store pionerane i Lyngsalpane var den engelske overklassedama Elisabeth Main. Eller Elizabeth Hawkins-Whitshed som ho vart fødd. Seinare vart ho på grunn av ymse giftarmål heitande både Mrs. Burnaby og Mrs. Le Blond, men som klatrar – med over tjue førstebestigingar – er ho mest kjend som Elizabeth Main.

Ho drog til Alpane rundt 1890 og vart ein pioner som vinterklatrar. Reisa bort frå England var ei frigjering. Ho har fortalt om den fantastiske kjensla det var å vere utan tenestejente og for første gong knyte fjellstøvlane sine sjølv. Men ho frika ikkje heilt

ut. Knappeskjørtet hadde ho alltid på til siste huset i dalen var passert. Og det kom på att når ho skulle fotograferast på toppen. Livsførselen hennar vart like fullt teken ille opp av familien: «She is scandalising all London and looks like a Red Indian.»

Til Lyngen kom ho i alt fem somrar i åra rundt 1900 og fekk fleire førstebestigingar her. I dag minner fleire fjell og toppar om henne og følgjet hennar. Mellom anna Elisabethtind og Imbodentind. Ho skreiv òg ei flott bok om desse somrane, *Mountaineering in the Land of the Midnight Sun*, som kom ut i 1908. Same år vart ho den fyrste presidenten i Ladies' Alpine Club.

